

200903291-1

**Søknad om utbygging - vurdering av konsesjonsplikt  
etter vassressursloven for bygging av småkraftverk;**

# **VISKJER KRAFT AS**



**Søknad utarbeidd av Energi Teknikk AS 8.juni. 2009**



## Meldingsskjema for vurdering av konsesjonsplikt etter vannressursloven for bygging av små kraftverk

(Sendes i fire eksemplarer til NVEs regionkontor, se vedlagt adresseliste)

|                                                                                                              |                     |                                            |         |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------|--------------------------------------------|---------|
| Tiltakshaver/Eier(e) (navn/selskapsform):                                                                    |                     | Viskjer Kraft AS                           |         |
| Adresse:                                                                                                     |                     | Jordalsvegen 10, 5750 Odda                 |         |
| Prosjektets navn:                                                                                            |                     | Viskjer Kraft AS                           |         |
| Bekk/elv/vassdrag:                                                                                           | Viskjerelva         | Kommune:                                   | Etne    |
| Kontaktperson(er) (navn/adresse/telefon): Jarle Viskjer, Tveit, 5763 Skare, tlf 41661636                     |                     |                                            |         |
| Konsulent og/eller leverandører: Energi Teknikk as, Kopakaiaen, 5464 Dimmelsvik, tlf 53487200, faks 53487201 |                     |                                            |         |
| Berører prosjektet vernet område og/eller vernet vassdrag, ev. hvilket:                                      |                     | NEI                                        |         |
| Berører prosjektet et Samla plan - prosjekt, ev. hvilket:                                                    |                     | NEI                                        |         |
| Har det vært kontakt/inngått avtale med lokalt elverk, ev. hvilket:                                          |                     | Kontakt med Skånevik Ølen Kraftlag AS      |         |
| Er det reguleringsmagasin i prosjektet? Hvis ja, beskriv på vedlegg.                                         |                     | Nei det er ikke regulering kun inntaksdam. |         |
| Inntaksmagasinet volum                                                                                       | M <sup>3</sup>      | 150                                        |         |
| Inntaksdammens høyde                                                                                         | M                   | 3                                          |         |
| Nedbørfeltets størrelse (skal være inntegnet på M711-kart)                                                   | Km <sup>2</sup>     | 3,4                                        |         |
| Feltets middelavrenning (ovenfor inntaket til kraftstasjonen)                                                | l/s/km <sup>2</sup> | 90                                         |         |
| Middelvallføring ved inntaket                                                                                | l/s                 | 306                                        |         |
| Kraftstasjonens maksimale driftsvallføring                                                                   | l/s                 | 620                                        |         |
| Kraftstasjonens minste driftsvallføring                                                                      | l/s                 | 30                                         |         |
| Alminnelig lavvannføring                                                                                     | l/s                 | 15                                         |         |
| Planlagt minstevallføring på berørt elvestrekning                                                            | l/s                 | 15                                         |         |
| Rørledning (lengde, diameter, skal være inntegnet på kart)                                                   | Diameter: 600 mm    | Lengde: 900 m                              |         |
| Inntaket på kote: 475                                                                                        | Avløpet på kote: 20 | Brutto fallhøyde: m                        | 455     |
| Maksimal ytelse                                                                                              | kW                  |                                            | 2400    |
| Driftstid                                                                                                    | timer/år            |                                            | Ca 7500 |
| Anslått midlere årsproduksjon                                                                                | GWh/år              |                                            | 9,9     |
| Antall vedlegg som følger skjemaet                                                                           | stk                 |                                            | 2       |

Sted: Dimmelsvik ..... Dato:08.06.2009 Underskrift: Oddbjørn Kroka .....

## **Vedleggsliste;**

- 1     *Skildring av prosjektet***
- 2     *Hydrologiske data utarbeidd av NVE***
- 3     *Kopi av tidligere konsesjonsfritak frå NVE***

## **SKILDRING AV PROSJEKTET OG UTBYGGINGA**

Prosjektnamn (elv): **VISKJERELVA**

Utbyggjar: Viskjer Kraft AS

### ***Eigedomsforhold***

Oddmund Viskjer er grunneigar og eig fallrettane. Han er far til dei tre aksjonærane i Viskjer Kraft AS. Viskjer Kraft AS vil leige fallrettane av grunneigar.

### ***Tidligere konsesjonsfritak***

Grunneigarane fekk i 2001 konsesjonsfritak frå NVE (Vedlegg 3) på eit kraftverk som skulle yta 996kW. Bygginga vart aldri satt i gang pga for lave straumprisar og for stor usikkerhet. Det er denne berekninga som no er teken fram og oppgradert att for å utnytta kapasiteten i elva maksimalt.

### ***Geografi***

Utbyggingsområdet er på Viskjer i Etne Kommune. Området er merka på kart under;



## **Elva og utbyggingsområdet**

Elva renn frå Sæterdalsvatnet på kote 785 og endar ut i Åkrafjorden kring 50 m nedanfor stasjonsområdet.

Frå kote 475 der inntaket er planlagt og ned til stasjonsområdet på kote 20, renn ho bratt ned i eit naturleg søkk i terrenget og har tett skog på begge sider. Den aktuelle utbyggingsstrekninga i elva er bare synleg heilt nedst i fjordbiletet. Terrenget er bratt og ulendt, prega av tett lauv- og furuskog ned mot fjell/berg og vanskeleg å ta seg fram til i enkelt områder.

## **Utbygginga**

### **Inntaksdam**

Inntaket er planlagt i det eksisterande elveløpet på kote 475. Området ligg i eit naturleg søkk i terrenget. Det er litt vegetasjon rundt inntaket, området er prega av fjell i dagen, lyng med innslag av enkelte

tre(, fjellbjørk). Elva er kring 2-4 meter brei i inntaksområdet. Det blir laga ein inntaksdam med overløp i betong i det eksisterande elveløpet med rist, ventil, lufterøyr og arrangement for slepp av minstevassføring.


Dammen er planlagt kring 10 m lang, 6 m brei og 3 m djup = eit volum på ca 150m<sup>3</sup>.

Det er mykje stein og fjell i og rundt det planlagte inntaket og det vil bli naudsynt med litt sprenging i sjølve dammen og der røyrkata går ut av inntaksområdet.




**Figur 1 Bilde 1**

**Figur 2 Bilde 2**



Figur 3 Prinsippskisse - inntaksdam sett fra sida



Figur 4 Prinsippskisse - inntak sett i fugleperspektiv

## Røyrгатetrasé

Røyrгата blir kring 900 m lang. Røyrгата er planlagt langs sørsida av elva. Heile røyrгата utanom dei om lag 100 øverste høgdemetrane vil bli nedgravd. Det vil sei at ca 200 meter PE rør vert liggande i dagen. Det vil og bli etablert ein enkel vei i forbindelse med bygginga for å frakte inn maskiner og utstyr.

Sjå kart under.



Figur 5 Røyrгата innteikna på kart

Det er ikkje skogsveggar i området pr i dag. Men som beskrevet lenger opp så vil det bli etablert en enkel veg i forbindelse med rørleggingen.

Røyrtraseen ligg i ei typisk vestlandsli med avsatsar, prega av bjørk og furuskog i store deler av traseen. Terrenget er bratt og ulendt.



Figur 6 og 7 Typisk terreng i røytraseen



Figur 8 Det er tett vegetasjon på begge sider, slik at kun nedste delen av elva er synleg fra fjorden.

## Stasjon

Kraftstasjonen er planlagt bygd på kote 20 på sørsida av Viskjerelva.

Stasjonen vil bli utforma i tråd med lokal byggeskikk tilpassa omgjevnadane. Bygninga er planlagt kring 4,5 m brei, 6 m lang og 6 m høg.

Elektromekanisk installasjon er planlagt med pelton turbin og synkron generator på 2400 kW.

Stasjonstomta ligg rett ovanfor E134 og eksisterande avkjørsel vil bli nytta som tilkomst til stasjonen.



Figur 9 Biletet viser stasjonstomta sett ovanfrå og ned

Stasjonen er planlagt på sørsida av elva. (Elva renn til høgre i biletet over.)

Vatnet frå stasjonen blir sluppe tilbake i det eksisterande elveløpet.

## Hydrologiske data

Hydrologiske data er innhenta frå NVE i mai 1998. Nedslagsfeltet er teikna inn på kart i vedlegg 2. NVE sine hydrologiske berekningar samt lokale berekningar lagt til grunn for produksjonsberekningar.

## Mønster for kjøring av kraftanlegget

Det er tenkt at anlegget skal køyrast gjennom heile året, med full drift haust- og vårmånadane og eventuelt redusert drift resten av året. Kjøremønsteret er basert på varighetskurve for heile året;

| Prosjektdata                                                    |                         |       |                                  |            |
|-----------------------------------------------------------------|-------------------------|-------|----------------------------------|------------|
| <b>Kommune:</b>                                                 | <b>Etne</b>             |       |                                  |            |
| <b>Prosjekt</b>                                                 | <b>Viskjer Kraft AS</b> |       |                                  |            |
| <b>Hydrologiske data</b>                                        |                         |       | <b>Produksjonsforutsetninger</b> |            |
| Nedbørsfelt                                                     | km <sup>2</sup>         | 3,4   | <b>Virkningsgrader:</b>          |            |
| Avrenning liter pr sek.                                         | l/s/km <sup>2</sup>     | 90    | Turbin                           | 89 %       |
| Inntak                                                          | m.o.h.                  | 475   | Generator                        | 95 %       |
| Utløp                                                           | m.o.h.                  | 20    | Transformator                    | 95 %       |
| Fallhøyde                                                       | meter                   | 455   | Rør                              | 98 %       |
| Avrenning pr år                                                 | mill.m <sup>3</sup> /år | 9,7   | Virkningsgrad totalt:            | 79 %       |
| Flomtap og stopptid i prosent                                   |                         | 32 %  |                                  |            |
| Flomtap                                                         | mill.m <sup>3</sup> /år | 3,1   | Vannhastighet                    | m/s 3      |
| Q- middel                                                       | m <sup>3</sup> /s       | 0,31  | Rørdiameter Innv                 | mm 512     |
| Q- maks                                                         | m <sup>3</sup> /s       | 0,62  |                                  |            |
| Slukeevne                                                       |                         | 202 % |                                  |            |
| Innstallert effekt i kW                                         |                         | 2355  |                                  |            |
| <b>Av varighetskurve kan ein berekne følgjande driftstider:</b> |                         |       |                                  |            |
|                                                                 | % av År                 | Timer | Effekt kW:                       | Total kWh: |
| Full produksjon:                                                | 15,00                   | 1314  | 2355                             | 3094873    |
| Redusert produksjon 2/3                                         | 30,00                   | 2628  | 1555                             | 4085232    |
| Redusert produksjon 1/3                                         | 40,00                   | 3504  | 777                              | 2723488    |
| Stopp                                                           | 15,00                   | 1314  |                                  | 0          |
| Total Årsproduksjon:                                            |                         | 8760  |                                  | 9903593    |
| GWh                                                             |                         |       |                                  | 9,90       |

## Nettilknytning

Anlegget er tenkt knytta til det lokale e-verket; Skånevik Ølen Kraftlag AS. Utbyggjar er i dialog med e-verket og det er pr i dag ikkje kapasitet på nettet til å ta i mot det som vil bli produsert. Linja frå Viskjer til Skålnes har kapasitet til å ta i mot produksjonen frå større maskin enn 2400kW. På traseen frå Viskjer til Skålnes vil Viskjer Kraft være eneste kraftprodusent tilknyttet linja. Nettet mot Kambe i Etne vil ifølge SØK ikkje ha kapasitet til å ta imot kraftproduksjon av denne størrelsen frå Viskjer Kraft. Strømvegen ut av Åkrafjorden må dermed gå mot Kvinnherad. Kvadratet på fjordspennet frå Skålnes til Teigen og linja vidare frå Teigen til Tøsse blir oppgradert av SØK for å kunne ta unna produksjon frå fleire prosjekter i Åkrafjorden. Viskjer Kraft kan realiserast når det kjem ny linje frå Tøsse til Kvinnherad. SKL har søkt konsesjon om ny 66kV linje i denne traseen. Næraste høgspeintline ligg kring 30 m ned for den planlagte kraftstasjonen.

Vi ser for oss at Skånevik Ølen Kraftlag AS legg og driftar ein jordkabel frå tilkoplingspunkt på eksisterande 22kV linje og opp til planlagt stasjon. Det vil bli plassert ein trafo på ca 3000 kVA i eller ved stasjonsbygninga. Storleiken på anlegget blir på 2400 kW.

### ***Andre anlegg som kjem av utbygginga***

Det er ingen andre anlegg som kjem av utbygginga.

### ***Eksisterande anlegg***

Det er ingen andre eksisterande anlegg i området



## Vedlegg 2



NVE  
NORGES VASSDRAGS-  
OG ENERGIVERK

Oddmund Viskjer  
Sveabrotet 3

5763 SKARE

Vår ref.  
NVE 9800703-2  
VRV/GAS/ 911- 831

Vår dato

17 MAI 1998

Dykkar ref.

Dykkar dato  
170298

Sakshandsamar:  
Gaute Strømme, VRV  
57 72 11 31

### HYDROLOGISK BEREGNING, VISKJERELVA OG SALTÅNA VED ÅKRAFJØRDEN, VASSDRAG 42.31 OG 42.32

Viser til brev der De bad om å få utført hydrologiske beregninger i samband med to tenkte minikraftverk.

Arealane er berekna ved planimitering av kart i målestokk 1:50.000

#### Saltåna:

Feltarealet er på 5,3 km<sup>2</sup>. Hydrologisk vil det ikkje vere nokon forskjell mellom dei to alternative inntaka, dei vert difor vurdert under eit.

Gjennomsnittlig avrenning for området er ifølge NVE sine isohydatkart 90 l/sek\*km<sup>2</sup>, noko som gjer ei middelvassføring ved inntaket på 477 l/s.

Vassføringa kan her variere mellom 5 og 5000 l/s.

#### Viskjerelva:

Feltet vert vurdert ut i frå to moglege inntak, der det nederste tek med ein ekstra sidebekk med eit areal på 0,5 km<sup>2</sup>. Feltarealet blir difor 3,9 km<sup>2</sup> for det nedste og 3,4 km<sup>2</sup> ved det øvste.

Gjennomsnittlig avrenning er på 90 l/sek\*km<sup>2</sup>, noko som gjer ei middelvassføring på 351 l/s ved det nedste inntaket og 306 l/s ved det øvste.

Variasjone kan her gå i frå 3 til 4000 l/s.

Vedlagt fylgjer varighetskurvar som viser kor mange dagar i året der ein kan forvente ei vassføring høgare enn ei gitt slukeevne.

Varighetskurva er tatt i frå målestasjon 42.2 Djupevad, som er representativ for det aktuelle felt.

Tabell 1:

| % av<br>middelvassføring | % av året der vassføringa er større enn en gitt slukeevne |                                 |                                 |
|--------------------------|-----------------------------------------------------------|---------------------------------|---------------------------------|
|                          | Saltåna                                                   | Viskjerelva 3,4 km <sup>2</sup> | Viskjerelva 3,9 km <sup>2</sup> |
| 100                      | 27%                                                       | 27%                             | 27%                             |
| 50                       | 50%                                                       | 50%                             | 50%                             |
| 40                       | 56%                                                       | 56%                             | 56%                             |
| 30                       | 65%                                                       | 65%                             | 65%                             |
| 20                       | 72%                                                       | 72%                             | 72%                             |
| 10                       | 83%                                                       | 83%                             | 83%                             |

NVE  
ALGRON VEST

Kontoradresse: Fubrugsvei 9, Førde  
Postadresse: Postboks 53, 6801 Førde

Telefon: 57 82 12 44  
Faks: 57 82 61 90

Postgros: 0809 5053 utl  
Org. nr.: NO 970 205 039 f.v.

Tabell 2:

| % av<br>middelvassføring | Vassføring ved ulik 5-av-middelvassføring |                                  |                                  |
|--------------------------|-------------------------------------------|----------------------------------|----------------------------------|
|                          | Saltåna                                   | Viskjervelva 3,4 km <sup>2</sup> | Viskjervelva 3,9 km <sup>2</sup> |
| 100                      | 477 Liter / sek                           | 306 Liter / sek                  | 351 Liter / sek                  |
| 50                       | 239 Liter / sek                           | 153 Liter / sek                  | 175 Liter / sek                  |
| 40                       | 191 Liter / sek                           | 122 Liter / sek                  | 140 Liter / sek                  |
| 30                       | 143 Liter / sek                           | 92 Liter / sek                   | 105 Liter / sek                  |
| 20                       | 95 Liter / sek                            | 61 Liter / sek                   | 70 Liter / sek                   |
| 10                       | 48 Liter / sek                            | 31 Liter / sek                   | 35 Liter / sek                   |

Dersom De ønsker å realisere planane må de kontakte kommuna for å få greie på den videre saksgangen som gjeld i slike saker.

Rekning for arbeidet på kr.1640 vert sendt ut seinere.


Med helsing

*G. Brautvad*


Gunnstein Brakestad  
Regionsjef

*Gaute Strømme*  
Gaute Strømme  
avdelingsingeniør

Vedlegg: 7







## Vedlegg 3. Tidligere konsesjonsfritak.



Norges  
vassdrags- og  
energidirektorat

Viskjer kraftverk  
v/Jarle Viskjer

5598 FJÆRA

Vår dato: 26.02.2002  
Vår ref.: NVE 200105695-5 rv/fas  
Arkiv: 911-514.2/041.  
Dykkar dato: 19.07.2001  
Dykkar ref.: Svein Jacobsen

Sakshandsamare:  
Ivar Sægrov: 57 83 36 72  
Jens P.Taasen: 22 95 94 29

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstua  
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95  
Telefaks: 22 95 90 00  
E-post: nve@nve.no  
Internett: www.nve.no

Org.nr.:  
NO 970 205 039 MVA  
Bankkonto:  
7694 05 08971

### **Viskjer minikraftverk i Viskjerelva, Etne kommune, Hordaland - vurdering av konsesjonsplikt**

NVE konkluderer med at utbygging av planlagt minikraftverk i Viskjerelva ikkje medfører skader eller ulemper for allmenne interesser i slik grad at det er naudsynt med konsesjon etter § 8 i vassressurslova.

Det er ein føresetnad at det både ved øvre og nedre inntak i Viskjerelva blir etablert eit arrangement som blir utført slik at vassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 15 l/s blir slept forbi inntaket til ei kvar tid når kraftverket er i drift. Dersom det naturlege tilsiget er lågare sleppast tilsiget.

Vi viser til melding, datert 19.07.2001, vedlagt planer for minikraftverk i Viskjerelva og tilråding i brev, datert 07.02.2002, frå Fylkesmannen i Hordaland til NVE.

NVE skal på bakgrunn av planane vurdere om utbygginga medfører skader eller ulemper av slikt omfang for allmenne interesser at det er naudsynt med særskilt løyve etter vassressurslova § 8, jf. § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000.

#### **Vassdraget**

Viskjerelva er eit mindre vassdrag på sørsida av Åkrafjorden. Samla nedbørfelt til Viskjerelva er oppgitt til 3,9 km<sup>2</sup>.

#### **Utbyggingsplanen**

Planlagt minikraftverket skal utnytte ei fallstrekke mellom kote 470 og kote 20. Anlegget er planlagt med 2 inntak; det øvre på kote 470 og det nedre på kote 130. Middelvassføringa ved inntaket er oppgitt til 400 l/s. Maksimal driftsvassføring blir ca. 500 l/s og kraftstasjonen sin minste driftsvassføring er oppgitt til 50 l/s. Maksimal yting er oppgitt til 996 kW. Turbinrøyr vil delvis bli lagt parallelt og i samme grøft. Turbinrøyr frå øvre inntak får ein ytre diameter på 355 millimeter, medan røyrret frå nedre inntak får ein diameter på 450 millimeter. Røyrtraséen går i ulendt terreng og



S. 102 4

vil delvis fylgje ein planlagt skogsveg. Opplysningar i meldinga går ut på at røyra blir lagt i grøft og tildekkka. Kraftstasjonen blir plassert på oppsida av E 76.

Prosjektet kjem ikkje i kontakt med verna vassdrag eller andre verneplanar. Det er heller ikkje registrert Samla plan prosjekt som det kan kome i konflikt med.

#### **Fylkesmannen si fråsegn**

Fylkesmannen i Hordaland konkluderer i brev, datert 07.02.2002, til NVE med å tilrå at tiltaket ikkje treng konsesjon etter vassressurslova. Det blir i tilrådinga vist til at fallstrekningen ikkje er fiskeførande og at utbygginga ikkje vil endra forureiningssituasjonen i elva. Vidare viser fylkesmannen til at det i Naturbasen er eit større regionalt friluftsområde som grensar inn til nedslagsfeltet for prosjektet. Fylkesmannen har drøfta saka med Etne kommune.

#### **NVE si vurdering**

NVE finn under noko tvil at saka er tilstrekkeleg opplyst til at det kan takast avgjerd i høve til om tiltaket vil vere konsesjonspliktig etter vassressurslova. Det er grunn til å peike på at det er lite utfyllande informasjon som er lagt fram. Det er til dømes ikkje med utrekningar som viser kva alminneleg lågvassføring utgjer, jf her vassressurslova § 10 i høve til krav om konsesjon dersom alminneleg lågvassføring skal takast i bruk. NVE har funne det nødvendig å få fram data som manglar i meldinga og legg desse til grunn i vurdering og konklusjon. Alminneleg lågvassføring er utrekna til 15 l/s og vil vere den vassføring som til ei kvar tid, med tilstrekkeleg tilsig og kraftverket i drift, uregulert skal sleppast forbi inntaket. Med ei minste driftsvassføring på 50 l/s (oppløst i planen) vil det i praksis seia at kraftverket ikkje kan vere i drift før tilsiget er 65 l/s eller meir. NVE sluttar seg elles i hovudsak til dei vurderingar som er gjort av fylkesmannen.

#### **Konklusjon**

NVE konkluderer med at utbygging av planlagt minikraftverk i Viskjerelva ikkje medfører skader eller ulemper for allmenne interesser i slik grad at det er naudsynt med konsesjon etter § 8 i vassressurslova.

Det er ein føresetnad at det ved inntaket blir etablert eit arrangement som blir utforma slik at vassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 15 l/s blir slept forbi inntaket til ei kvar tid når kraftverket er i drift. Dersom det naturlege tilsiget er lågare sleppast tilsiget.

Denne avgjerda gjeld under føresetnad av at arbeidet vert starta opp seinast fem år frå vedtaksdato og fullført innan ytterlegare fem år, jf. vassressurslova §§ 18 og 27.

Føresetnaden for dette er at vårt regionkontor godkjenner aktuelle detaljplanar for anlegget. Vi ber derfor om at De i god tid før bygginga startar, sender slike planar til NVE - Region Vest, Boks 53, 6801 Førde. Aktuelle detaljplanar skal m.a. omfatte alle dei innretningane som endrar vassføringa eller vassleiet, slik som kanalar, inntaksbasseng og røyrleidning, jf. vassressurslova § 53 og "Forskrifter om sikkerhet og tilsyn med vassdragsanlegg". Det skal også leggast fram detaljplan som spesielt viser utforming av arrangement for å sikre at kravet om at ei vassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring alltid blir slept forbi inntaket når kraftverket er i drift. Regionkontoret skal òg godkjenne det ferdig utbygde anlegget.

NVE sin konklusjon bygger på dei opplysningane som ligg føre. Blir det endringar i planane som får verknad på vassuttaket eller andre vesentlege endringar, skal NVE vurdere prosjektet på nytt.

Er spenninga på installasjonane (medrekna transformator for innmating på nettet) over 1000 volt vekselstraum/1500 volt likestraum, er anlegget konsesjonspliktig etter energilova. Det må då søkjast om konsesjon i samsvar med kap. 3 i energilova. Søknaden skal sendast NVE og utformast så langt det passar i samsvar med vedlagt utdrag frå NVE-publikasjon nr. 21/91 "Veileder i utforming av konsesjonssøknader og forhåndsmeldingar for elektriske anlegg og fjernvarmeanlegg".



Side 3

Vidare gjer vi merksam på at sjølv om kraftverket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, gjeld reglane i lova for nedlegging og opprydding i vassdraget ved ei eventuell seinare nedlegging av kraftverket.

Vi føreset at De sjølv ordnar tilhøva til dei private interessene som eventuelt. blir skadelidande som følge av utbygginga. Vi vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva, dvs. om De har fallrettane, om andre har vassuttak som blir påverka o l.

1. Til orientering legg vi ved særtrykk av § 1-5 i "Forskrifter om sikkerhet og tilsyn med vassdragsanlegg. Anleggsdelar (dam eller turbinrør) som har dimensjonar eller trykk som gjer at dei ut frå tryggleiksvurdering vert underlagt NVE sitt tilsyn, skal prosjekterast av personar som oppfyller bestemte kvalifikasjonskrav og skal på førehand vere godkjent av NVE.

Med helsing

  
Are Mobæk  
avdelingsdirektør

  
Haavard Østhagen  
seksjonssjef

Vedlegg: 2

Kopi: Etne kommune, postboks 54, 5590 Etne  
Fylkesmannen i Hordaland, postboks 7310, 5020 Bergen  
Mikrokraft A.s, Ø. Sandvikv. 25 a, 4016 Stavanger  
Internt: KTV 2